

September

Som eit samarbeid mellom folkehelsekoordinatorane i Stranda og Sykkylven vert det i år arrangert «Alltur på grensa» kombinert med ordføraren sin tur.

Sykkylven arrangerer ordførerans tur til Holeheiane/Holebotn same dag som Stranda set opp ordførarens tur til Roaldshornet. Ein kan derfor møte opp på parkeringa ved Svartevatnet og velge



Ved varden på Roaldshorn. Foto: Runa Bakke.

September
søndag
11.

Ordførarens tur: Roaldshorn frå Svartevatnet i Stranda kommune

Stikk UT!

Ein mini-Besseggen utan bratte eller luftige parti. Ruta fyl grensa mellom Stranda og Sykkylven omrent heile vegen. Det er start på omlag 550 m.o.h, så ein kjem raskt opp i høgda og får flott utsikt.

Eit alternativ til turen tilbake er å gå ned skiheisa og tilbake til parkeringa via catwalken/Buvassbakken (grusveg).

Ruteskildring

Det er tydeleg sti og god merking med vardar, og ruta har også skilting. På Roaldshornet er det flott utsikt m.a. inn Storfjorden og ned mot Stranda. Stien er tidvis teknisk/krevjande.

Tilkomst og parkering

Stort parkeringsareal i tilknytting til hovedvegen mellom Stranda og Sykkylven

Type tur: For det meste på god sti, men over på stein og ur siste del av turen. Passar for dei fleste, men kan vere ein fordel å ha gått noko påtur i sommar.

Turlengde: Ca. 10 km t/r og ca. 700 høgdemeter

Oppmøte: Parkeringsplassen på kommunegrensa Stranda/Sykkylven Kl. 14.00

Naturlos: Ordførar Jan Ove Tryggestad

Arrangør: Stranda kommune, v/folkehelsekoordinator Margrethe Fjetland Løvold og ordførar Jan Ove Tryggestad.

September

tur ut i frå behov, lengde og vanskegrad. Begge turane er Stikk UT!-turar. Kanskje vi til og med får til ein eller to allsongar på grensa før vi går vidare på tur?

PS! Registrerer du turen i Stikk UT!-appen denne dagen, blir du med i trekking av fine premiar.



Holeheiane. Foto: Christer Lundberg Nes.

September
søndag
11.

Ordførarens tur: Holeheiane (Heggjene) frå Svartevatnet i Sykkylven kommune

Stikk UT!

Turen til Holeheiane (Heggjene) går på god sti med slakk stigning og passar for dei fleste. Terrenget som turen går i er snilt og kollete, men med imponerande utsyn over nokre av dei mest majestetiske tindane i Sunnmørsalpane. Stien kan vere våt i perioder med mykje nedbør. Det er difor lurt med gode sko.

Ruteskildring

Det er god og tydeleg sti som startar på nordenden av parkeringsplassen. Stien går nord-vestover oppover bakken som har relativt slakk stigning. Ein går gjennom ope terregn dominert av grasartar og høgfjellsvegetasjon. Oppe på platået, der det er slakt og småkupert, deler stien seg og ein følgjer råsa mot høgre til eit topp-punkt med ein liten varde. Retur same veg. Det er ein alternativ sti aust for hovudstien men denne er per juni 2021 ikkje så tydeleg som hovudstien som er skildra over, og det er mogleg å miste stien om ein ikkje er kjent.

Tilkomst og parkering

Stort parkeringsareal i tilknytting til hovedvegen mellom Stranda og Sykkylven

Type tur: Gåtur på sti/terregn med slak stigning. Vått i enkelte parti.

Turlengde t/r: 1,3 km

Turtid t/r: ca 1 time

Oppmøte: Parkeringsplassen ved Svartevatnet kl. 14.00

Naturlos: Ordførar Odd Jostein Drotninghaug

Arrangør: Sykkylven kommune, v/folkehelsekoordinator Ingvill Holmen og ordførar Odd Jostein Drotninghaug.